

Bjørnafjorden kommune, 22.04.20

Informasjon til deg som har barn i skulen/SFO

Saman gjer vi det trygt å vere på skulen/SFO

Noreg har klart å redusere smittespreiinga av koronavirus gjennom ein felles dugnad. Når skulane no opnar att, er det framleis behov for felles innsats. Foreldre, barn og tilsette kan saman bidra til ei trygg og kontrollert gjenopning av skulen/SFO. Skulane innfører ei rekke smitteverntiltak for å redusere risikoen for smittespreiing. Foreldre og barn bidrar ved å følgje råda frå helsemyndigheitene.

Helsemyndigheitene sine råd

Både nasjonale og lokale helsemyndigheiter tilrår gjenopning. Dette gjer dei fordi fleire store studiar viser at få barn blir alvorleg sjuke av det nye koronaviruset, og at barn i mindre grad bringer smitten vidare til andre.

Det har ikkje vore større utbrot av smitte blant barn i land som har halde barnehagar og skular opne. Barn har ofte milde symptom, og då er det mindre risiko for å smitte andre. Basert på kunnskapen vi har no, veit vi at enkelte barn kan bli smitta. Men med nødvendige smitteverntiltak forventar vi at smittespreiinga vil bli avgrensa.

Dette må du gjere

Hald barnet heime ved teikn til sjukdom!

Dette er det viktigaste smitteverntiltaket for å unngå smitte i skulen. Sjølv ved milde luftvegssymptom og sjukdomskjensle skal barn og tilsette halde seg heime frå skulen. Symptom på luftvegsinfeksjon kan vere nyoppstått feber, hoste, tungpust, hovudpine, slappheit og nysing/rennande nase.

Koronavirus gir sjukdommen covid-19, og symptomane på denne sjukdommen kan vere milde og vanskelege å skilje frå andre luftvegsinfeksjonar hos barn. I startfasen av sjukdommen er vanlege symptom halsvondt, forkjøling og lett hoste, i tillegg til sjukdomskjensle, hovudpine og muskelsmerter. Magesmerter kan òg førekomme.

Barn som ikkje har fått påvist covid-19, skal haldast heime i 1 døgn etter at symptomane er borte. Ved påvist smitte, skal barn haldast heime i 7 døgn etter at dei er symptomfrie.

Andre viktige reglar knytt til sjukdommen:

- Elevar som får symptom på luftvegsinfeksjon må gå heim/bli henta så raskt det lar seg gjere. Dersom du mistenker at barnet ditt har covid-19 og symptomane har vart i minst to døgn, kan barnet ditt få tilbod om å bli testa for viruset. Du må då kontakte fastlegen til barnet.
- Dersom andre i husstanden har symptom på luftvegsinfeksjon, kan barnet møte på skulen som normalt. Føresette som sjølv har symptom på luftvegsinfeksjon, skal ikkje møte på skulen saman med barna.
- Dersom nokon i husstanden har fått påvist covid-19, skal alle nærkontaktar haldast i karantene. Ingen personar som sjølv er i karantene, kan møte på skulen – dette gjeld også for barn.
- Barn og tilsette med typiske symptom på pollenallergi kan møte på skulen. Også friske barn som til vanleg kan ha rennande nase utan andre symptom på luftvegsinfeksjon, kan møte på skulen.

Førebu barnet ditt på hygienetiltaka på skulen/SFO

Du kan hjelpe barnet ditt ved å førebu det på dei nye rutinane på skulen/SFO:

- Koronaviruset smitter i hovudsak via dråpe- og kontaktsmitte. Derfor er det nødvendig med mykje handvask i tida framover! Foreldre må passe på at barna vaskar hendene heime før dei går på skulen og med ein gong dei kjem heim frå skulen. Hugs at god handvask blir utført med lunka vatn og såpe, og varar i minst 20 sekund.
- På skulen blir det handvask når barnet kjem til skulen, etter hosting og nysing, etter toalettbesøk, uteaktivitet/friminutt og dersom hendene er skitne.
- Lær barnet ditt god hoste- og nysehygiene. Gi barnet beskjed om å raskt ta kontakt med læraren dersom han eller ho føler seg sjuke.
- Foreldre skal helst ikkje bli med inn på skulen.
- Ikkje ta med leiker frå heime.
- Det er ein fordel om barna ikkje omgår mange andre barn på fritida, og at leiken skjer ute.

Fleire tiltak i skulen for å redusere smitte

Forsterka reinhald

Skulane vil ha ekstra reinhald på område som mange tar på eller brukar i løpet av ein dag. Dette gjeld mellom anna toalett, vaskar, dørhandtak, trappegelender, stolar, bordflater, leiker, sports- og datautstyr. Leiker som ikkje kan vaskast på 60 grader, blir fjerna. Talet på leiker vil bli redusert, slik at reinhald er gjennomførbart.

Endringar i organisering av tilbodet

Skulen din informerer deg direkte om korleis dette blir for deg og ditt barn.

Tett oppfølging ved eventuell smittespreiing

Dersom skulen får utfordringar med smittespreiing, vil de få råd om vidare oppfølging av smittevernoverlegen i Bjørnafjorden kommune. Smittevernoverlegen vil vurdere stenging av heile eller delar av skulen/SFO dersom det oppstår smitte, men dette kan unngåast gjennom ei god ordning med inndeling i grupper.

Særskilte reglar for risikogrubbene

Dei aller fleste barn med kroniske sjukdommar bør gå på skulen. Det kan gjerast individuelle vurderingar for barn som er i heilt spesielle risikogrupper, til dømes barn som nyleg er organtransplanterte, beinmargtransplanterte, kreftsjuke i aktiv behandling og barn som har alvorleg hjarte- og lungesjukdom.

[Sjå detaljert oversikt over barn med ulike helsetilstandar som kan gå på skulen og kven som blir anbefalt få eit tilpassa undervisningstilbod.](#)

Dersom føresette sjølve er i risikograppa, kan de kontakte lege for å vurdere om det er behov for tilrettelagt tilbod for barnet for å redusere smitterisikoen i heimen. Saman med skulen vil vi avgjere kva type tilrettelegging som er mogeleg.

Med vennleg helsing


Bjørn Petter Johannesen

Smittevernoverlege

Bjørnafjorden kommune

Har du spørsmål?

- For informasjon om smitteverntiltak, ring Bjørnafjorden kommune sin smitteverntelefon på 56 57 57 57.
- Har du spørsmål om praktiske ting ved oppstart på skulen/SFO, kontakt skulen din.
- Har du spørsmål om barnet si helse eller di eiga helse, kontakt fastlegen din.
- Du finn meir informasjon om koronavirus på www.fhi.no